

Analyseverktøy ultralyd



Slik føregår ei spyttkjertel-undersøking med ultralyd. Foto: Haukeland universitetssjukehus

Revmatologisk avdeling har saman med Høgskolen i Sogn og Fjordane utvikla pilot-programvare for automatisert bildeanalyse. Revmatikarar som får undersøkt spyttkjertlane med ultralyd er i målgruppa.

Programvaren kan gi legen ekstra hjelp til å sjå etter mønster i kjertelvevet for å om det er sjukt eller friskt. Enkelte pasientar kan sleppe å ta vevsprøve, og dei fleste vil få stilt diagnose raskare ved hjelp av analyseverktøyet.

Ønska mål

Å gjere objektiv og reproduserbar evaluering av ultralydbilete av spyttkjertlar til pasientar som har Sjögrens syndrom.

Forsking i gang

Tidlege forsøk er lovande og har motivert forskarane til vidare arbeid. På kort sikt er målet å bruke bilete av normale og sjuke spyttkjertlar til å «lære opp» programvaren. Slik kan den kjenne att ulike vevs-variasjonar i eit rerefansebibliotek.

Internasjonal hjelp

I oppbygginga av dette biblioteket får forskarane på Haukeland bilete overført frå kollegaer over heile verda. Hausten 2015 reknar dei med å ha 3-5000 ultralydbilete som grunnlag i den vidare programvareutviklinga.

Nytt produkt

Dersom analyseverktøyet viser seg å gi nytte i diagnostikk og forskning ønskjer forskarane på sikt å kontakte produsentar av ultralydmaskiner.

Potensialet ligg i å vidareutvikle programvaren for pasientar med andre diagnoser og for andre typar medisinske bilete.

Finansiering

Haukeland universitetssjukehus
innovasjonsmidlar

Kontakt

Preben G. Nes, førsteamanuensis
Høgskolen i Sogn og Fjordane

Sten Daniel Hammenfors, lege i
spesialisering, Revmatologisk avdeling
sten.daniel.hammenfors@helse-bergen.no

